



Klart for opptak – i toalettet på skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag klokka 19 er det premiere på ein lokalprodusert film på bedehuset i Uskedalen!

Det er filmgruppa i Hobbyklubben leia av den lokale TV-produsent Ronny Lakselv som har laga ein 16 minutters kortfilm denne vinteren og no blir resultatet presentert. Filmen har fått kommunal stønad.

Dei unge aktørane har lagt for dagens stort engasjement for å gjera manuskriptet til Tove Lill Lakselv til ei visuell og filmatisk oppleving og spaninga er stor framfor premieren. Ikkje minst er det interessant om det dukkar opp nokre nye skodespelartalent i Uskedalen!

Filmen heiter "Mobbeofferet". Med andre ord er det ikkje ei direkte gladhistorie, men den er som ein forstår svært aktuell.

Naturleg nok har mykje av opptaka gått føre seg på skulen, men vi kan avsløra at også ein veteranbuss spelar ei rolle.

Av Ola Matti Mathisen



Filmgruppa med Ronny Lakselv omtrent i midten! (Foto: Ola Matti Mathisen).